Forbundet KYSTEN

# Åreblad

Laussal: 50 kr

www.hfkl.no Organ for Hordaland Fylkeskystlag Mai 2017




| | |
|---|---|
| Kontaktinfo | 2 |
| Leiaren har (r)ordet | 3 |
| Årsmøte i Hordaland Fylkeskystlag | 4 |
| Historien om ein båt og ein motor | 5 |
| Make *Bregdo* great again | 6-7 |
| Den store roen | 8-9 |
| Aktivitetar i Keipane Kystlag | 10 |
| Helsing frå Nordfjordbåtlaget | 11 |
| Reparasjon av gavlabåt | 12 |
| Hordakyststevne på Onarheim | 13 |
| Kunstnaren Johannes Kretschmer | 14-15 |
| *Stavenes* for eigen dampmaskin | 16-17 |
| D/B *Dampen* | 18 |
| Jektetokt til og frå Kristiansund | 19 |
| Bunadsklubb & open dag i Kvinnherad | 20 |
| Torgdagen 1977-2017 | 21 |
| Fjell Kystlag i arbeid | 22-25 |
| Oselvardag på Sjøfartsmuseet | 26 |
| Aktivitetskalender vår og haust | 27 |
| Fylkeskystlaget med ny nettside | 28 |

# *Kontaktinfo*

**Hordaland Fylkeskystlag**
www.hfkl.no
Leiar: Per Otto Svendsby
Storingavika 79, 5174 Mathopen
922 20 895 perosve@online.no

**Askøy Kystlag**
v/Atle Grindheim
Askvegen 567, 5307 Askøy
924 20 912, leder@askoykystlag.no

**Austevoll Kyst- og Sogelag**
v/Thomas Johnson
Birkelandsvegen 142, 5392 Storebø
959 13 144, johnson@lysglimt.net

**Austevoll Seilforening**
v/Andreas Iversen
Postboks 9, 5392 Storebø
90 04 01 57, andreas@aiversen.no

**Bergen Kystlag**
Aleksander Krzywinski
Pb 37, Måseskjæret, 5035 Bergen
982 68 173, bergen.kystlag@gmail.com

**Bergens Sjøfartsmuseum**
www.bsj.uib.no
Postboks 7800, 5020 Bergen
55 54 96 00, post@sjofartsmuseum.no

**Bømlo Kystlag**
v/Magnar Skålevik
Ramsbakkane 1, 5420 Rubbestadneset
91574667,
magnar.skalevik@haugnett.no

**Båtlaget Njord/Tysnes**
www.sigling.no
v/Einar Aslaksen
Njordstø, Postboks 38, 5696 Tysnes
94 26 48 52,
einar.aslaksen@haugnett.no

**Faannessen – Marine**
www.fmarine.no
Munkebryggen 1
5816 Bergen
55 33 66 88, post@fmarine.no

**Fanafjorden Tradisjonssegling**
v/Kjell Magnus Økland
Petedalsheia 77, 5254 Sandsli
950 46 739, kjellmag@gmail.com

**Fjell Kystlag**
v/Rolf Henriksen
Pb 38, 5346 Straume
915 20 906, rolf.bero@gmail.com

**Hardanger Fartøyvernsenter**
www.fartoyvern.no
Postboks 53, 5601 Norheimsund
47 47 98 39
fartoyvern@hvm.museum.no

**Hardangerfjorden Kystlag**
v/ Geirmund Storaas
Pb 45, 5600 Norheimsund
414 42 795, info@trebaat.no

**Hope Trebåtlag**
v/Leiv Terje Sangolt
Pb 85, 5382 Skogsvåg
454 26 736, ltsangolt@gmail.com

**Hordamuseet**
http://www.bymuseet.no/vaare-museer/hordamuseet/
Hordnesvegen 24, 5244 Fana
479 79 580
hordamuseet@bymuseet.no

**Holsnøy Kystlag**
v/Jegvan Kaarbø
Skjelangerveien 661, 5917 Rossland
911 48 103, jegvan@kaarboe.no
holsnoykystlag@yahoo.no

**Keipane Kystlag**
v/Evy Bjørvik Dame
Ytrebygdsveien 129, 5251 Søreidgrend
97423267, Evy.Dame@hfk.no

**Kvinnherad Kystlag**
v/Leif Jarle Kallestad
Bjørkhaugvegen 17, 5450 Sunde
93201813, post@kvinnherad-kystlag.no

**Kystlaget Romsa**
v/Oddvar Krakk
Pb. 23, 5582 Ølensvåg
959 01 503,
oddvar.krakk@vindafjord.kommune.no

**Kystmuseet i Øygarden**
www.kystmuseum.museumvest.no
Museumsvegen 9, 5337 Rong
53 00 61 40
kystmuseet@museumvest.no

**Kystsogevekene**
www.kystsogevekene.no
v/Kjell Magnus Økland
Agnes Mowinckelsgt. 5
Postboks 7900, 5020 Bergen
950 46 739, kystsogevekene@hfk.no

**Milde Båtlag**
www.mildebatlag.org
v/Helge Holmbek
Skipanesvegen 12, 5259 Hjellestad
97 03 27 65, styret@mildebatlag.org

**Norges Fiskerimuseum**
www.fiskerimuseum.museumvest.no
Sandviksboder 23, 5035 Bergen
53 00 61 60
fiskeri@museumvest.no

**Opsangervågen Kystlag**
v/Edvin Hammerø
Sundsvegen 10, 5450 Sunde
950 36 557, ehammero@online.no

**Oselvarverkstaden**
www.oselvarverkstaden.no
v/Berit Osmundsen
Hamnevegen 41
95705824, berit@oselvarverkstaden.no

**Oselvarklubben**
www.oselvarklubben.no
v/Finn Totland
Edvard Griegsvei 12, 5059 Bergen
93 89 22 73, finn.totland@gmail.com

**Oselvarlaget på Os**
v/Egil Rundhovde
Kleivane 1, 5200 Os
97960884, egru@statoil.com

**Sagvågen Kystlag**
v/Terje Lamo
Pb 147, 5408 Sagvåg
905 66 101, tl@tlamo.no

**Seilmaker Iversen**
www.seilmakeren.no
Mjåtveitflaten 31, 5918 Frekhaug
55 55 74 58,
produksjon@seilmakeren.no

**Sund Kystlag**
v/Johannes Lidal,
Pb. 119, 5373 Klokkarvik
982 23 733
johanneslidal82@gmail.com

**Sveio Kystlag**
v/Terje Lier
Strømøyveien 71, 5554 Valevåg
908 37 477
terje.lier@norseagroup.com

Per Otto Svendsby i den råsegl-rigga færingen sin, «Vebjørn», på Raunefjorden.
Foto: Kjell Magnus Økland.



# *Leiaren har (r)ordet*

**Gode kystkulturvener!**

Kystkulturen er ein levande kultur i Noreg. Menneska på Vestlandet har hatt kysten og havet som arbeidsplass og levesett i mange tusen år. Ein har bygd båtar og naust, rodd til torget i Bergen med fisk eller landbruksvarer. Slått kvar minste grastust og frakta jordmora og husdyr mellom øyane med seksæringen. Segla for den store pokalen med kameratar. Livet ved sjøen og kystkulturen er globale fenomen, som har mange former og utøvast med ny og gamal teknologi. Hav og kyst er ein lagnad vi deler med millionar av menneske over heile verda.

Vi er heldige som har mange kystlag og andre organisasjonar som tek vare på den tradisjonelle kystkulturen. Kunna om vår felles nære kulturarv er viktig for å forstå oss sjølv, samtida og utviklinga. Difor er det inspirerande å sjå det store arbeidet og alle dei ulike aktivitetane som kystlaga steller i stand i dag. Kurs, turar, dugnadar og mykje anna. Aktivitetar som skapar sosiale band og glede over ny eller gamal kunnskap. Nye tankar og forslag myldrar opp i kystlaga.

Vi ser fram til Fylkestreffet som Tysnes kystlag arrangerer på Onarheim 23-25. juni. Det vert eit bra arrangement. Terminlista inneheld ei rekkje aktivitetar, turar og arrangement som det berre er å kasta seg med på. Ho vert oppdatert på Hordaland Fylkeskystlag si nye nettside www.hfkl.no

Vi ynskjer deg god seglas i den komande sesongen.

Helsing
Per Otto Svendsby
Leiar Hordaland fylkeskystlag

**Tysnes Kystlag**
v/Oddvar Meland
5693 Årbakka
907 92 547
tysnes.kystlag@gmail.com

**Vinnesholmen Kystlag**
v/Roger Hoel,
Vinnesvegen 518, 5641 Fusa
900 93 249
vinnesholmen@fusi.no

**Lokallag i Sogn og Fjordane tilknytt HFKL i Åreblad-samarbeid:**

**Indre Sogn Kystlag**
v/Marny Tønnessen
Pb. 62, 6851 Sogndal - 970 30 828
isk@norveg-sognefjord.no

**Hornelen Kystlag**
v/Sigmund Larsen, Lefdal,
6776 Kjølsdalen
57 86 39 72 - siglarse@online.no

**Nordfjordbåtlaget**
v/Lars Bjarte Osland, 990 03 077
og
Svein Ove Ask, 987 63 188
Gloppestad, 6823 Sandane
uredd@online.no

**Meld adresseendringar til:**
**Forbundet KYSTEN,**
Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo
forbundet@kysten.no
Tlf. 22 42 42 82

Årebladet du no held i nevane er historisk. Det er fyrste gongen Årebladet vert sjøsett i fargar. Me i styret i Hordaland Fylkeskystlag vonar du set pris på det. Me vonar òg at dette grepet fører til at dykk i kystlaga ynskjer å bidra med meir kystkulturelt stoff, både tekst og bilete.

I dette nummeret har me fått inn flotte reportasjar frå fleire av kystlaga og me vonar at neste nummer av Årebladet skal ha enda fleire reportasjar frå dei mange aktivitetane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Frist for innsending av stoff til neste nummer vert 1. oktober 2017.

Kjell Magnus Økland
Bladstyrar, Årebladet



**Om Årebladet**

Utgjevar: Hordaland Fylkeskystlag

www.hfkl.no

Opplag: 1400 eksemplar

Trykk: ERA-trykk—www.eratrykk.no

Årebladet vert postsendt til alle kystlagsmedlemmer i Hordaland og Sogn og Fjordane

Bladstyrar: Kjell Magnus Økland

Send bladmat til kjellmag@gmail.com

Framsidefoto: *Reidaren* i Hjeltefjorden Rolf Henriksen, Fjell Kystlag



**Styret i Hordaland Fylkeskystlag, frå venstre: Per Otto Svendsby (leiar), Eirik Ådnanes, Evy Bjørvik Dame, Kjell Magnus Økland, Claus Arvid Almås, Liv Bjerknes, Eivind Ø. Eriksen og Kjell Klemetsen. Gunnar Onarheim (ikkje til stades).**

# Årsmøte i Fylkeskystlaget på Stord

*Laurdag 18. februar vart det halde årsmøte i Hordaland Fylkeskystlag på Sunnhordland Museum på Leirvik.*

Det var godt frammøte, over 30 personar frå dei fleste kystlaga i Hordaland var tilstades. Avtroppande leiar, Torgeir Evjen ønska velkomen og leia møtet. Etter litt drøs opna møtet med val av ordstyrar, Torgeir Evjen, og val av skrivar, Per Otto Svendsby. Halvard og Edvin Hammerø hamna i teljekorpset medan Evald Bjørnevik og Magnar Skålevik skulle signera protokollen. Årsmøteinnkallinga vart godkjend utan merknader. Dinest gjekk Torgeir Evjen gjennom årsmeldinga. Årsmeldinga vart godkjend med fylgjande tillegg: Deltaking i sildekast med landnot på Radøy. Årsmøtet i 2016 var i 2017. Sak nummer fem var godkjenning av rekneskap for 2016. Her gjekk Eirik Ådnanes i gjennom rekneskapet og årsmøtet godkjende denne.

Under punktet arbeidsplan for 2017 kom det fram at det vil vera meir praktisk om *Årebladet* kjem ut om våren. I tilllegg til eit eller to *Årebrev* seinare på året. Det vart òg framhalde at *Årebladet* bør vere i fargar og at styret bør arbeida for å få til annonsar i *Årebladet*. Via lokallagsleiarane vil Fylkeskystlaget invitera alle kystlagsmedlemmer til vitjing av kystlaga etter handlingsplanen. Dersom Fylkeskystlaget skal ha lotteri på lokale kysttreff må det skje etter avtale med lokale arrangørar. Så vart årsplanen godkjend. Det same vart budsjettet med fylgjande kommentar: arbeida for ein auke innafor lotteri og annonser.

Valet vart leia av valnemndas leiar, Gunn Jorunn Steinsland og vart samsvar med innstillinga til valnemnda, Under møtet vart det servert god betasuppe og etterpå var det omvisning på Stord Maritime Museum. Særleg for dei motorfengde var dette ei gild stund.



# Kutteren «Flid» og motoren «Populær»

I 1908 bygget Jens Nerhus i Ølve kutteren «Flid» på 60 fot til Gustav Schnelle i Stussvik, Ølve. Gustav kjøpte en dansk motor, «Populær» på 20 hestekrefter, som ble installert i båten. Dette må ha vært et av de første fartøy som fikk motor i dette området. Gustav drev oppsyn med brislingfisket, gikk i fraktefart for sardinfabrikker i Hordaland og påtok seg andre frakteoppdrag utenom brislingsesongen.

«Flid» ble seinere solgt til to brødre som drev sagbruk i Samnanger. De byttet ut motoren og «Populær» ble solgt videre til Einar Holmefjord i Eikelandsosen. Han installerte motoren i et fartøy som bl.a. drev brislingfiske. På motorfabrikken på Rubbestadneset fikk han montert ny sylindertopp og pumpesystem.

I 1952 kjøpte Godtleif Schnelle, barnebarnet til Gustav, motoren tilbake til Stussvik for å bruke den i den gamle vassdrevne sagen der. Motoren ble installert i sagen, men kom ikke i bruk. Tiden for strøm var kommet og Godtleif bygget opp et nytt sagbruk i Stussvik, som han drev fram til slutten av 1970-årene, da han og familien flyttet fra Stussvik til Halsnøy. Men motoren ble stående i det gamle sagbruket som etter hvert datt ned.

En ny tid er kommet og gamle motorer er blitt samleobjekt for entusiaster. Tysnes Kystlag ble interessert i den gamle motoren i det delvis nedfalne saghuset. I en samtale med Godtleif ble det klart at kystlaget skulle få overta motoren uten vederlag. Takk til Godtleif som også var blitt kontaktet av andre interesserte.
Etter at den «Populære» motoren ble fraktet til Tysnes Kystlag sine lokaler på Årbakka, begynte restaureringsarbeidet. Stempelet var, som ventet, fastrustet i sylinderen, og det tok flere måneder med faglig innsikt og god olje før den løsnet.

I dag er motoren blitt et av Kystlaget sine mest sjeldne objekter. Det er ikke mange så gamle motorer av denne størrelsen igjen i landet! Den har allerede begeistret mange mennesker, bl.a.i forbindelse med Tysnes Fest på Våge og ved starten av Kystkulturveka på Onarheim. Lyden av motoren er balsam for sjelen for entusiastene, og aktiverer nostalgiske minner for tilårskomne folk.

Tekst: Vidar-Rune Synnevåg, Tysnes Kystlag

(Artikkelen er tidlegare publisert i bygdebladet "Bygdadrøso" for Ølve og Hatlestrand)



# Make *Bregdo* great again



Kystlaget i Austevoll kastar seg ut i 2017 med noko gamalt og noko nytt. Dvs, det meste av det me balar med er gamalt, men noko nytt vert det for einkvar og for laget. Blant dei kjende gamle ting som får stor merksemd for tida, er brugdebåten vår, *Bregdo*. "I will make *Bregdo* great again!", skreiv tidlegare lagsleiar Svein Midtøy på facebooksida vår i vinter - og det har han gjort saman med ei knippe staute medlemmar. *Bregdo* skin.

Den gamle gavlabåten til laget, *Notmann*, står snart for tur til vårpuss. Her må eit par av kjeipane få tilsyn, og utviklinga i eit mistenkeleg område i øvste bord mot hekken må kontrollerast, men *Notmann* er snart klår for sesongstart. Og det er bra då laget satsar friskt på ein ny sesong med torsdagsseilas ut av Bekkjarvik hamn for alle og einkvar som møter opp på bryggja med vest og seglinteresse. Me har og planar om at *Notmann* (i allefall) skal delta i Hordakyststemnet og at laget skal gjenta suksessen som fjorårets kurstilbod til ungdommane i DNT-ung blei. Me er i allefall komen med i kurskatalogen deira. Me set taket på 12 deltakarar som får med seg både segling og overnatting i Møllo.

Nytt av i år er motorprosjektet laget har teke på seg. I fleire år, har styret fått oppfordringar frå sambygdingar som ønskjer seg noko anna enn segl og årar. Dei etterlyser ein interessant motor å skru på. I vinter fekk laget nyss om ein båt som har stått lagra i naust sidan 1970. Den var ein gong eit kjend syn på sjøen i Austevoll med røtar heilt attende til 1900 eller tidlegare. I si tid vart den brukt til alt frå fiske til persontransport då den var tidleg ute med motor, ein mektig 4hk Rap semidiesel frå ca 1920. Båten som byrja livet som seksæring vart oppgradert og forsterka for motorbruk, men er likevel av ein høveleg storleik for laget vårt. Førebels er båten flytta (etter at me forsterka naustet og







opna ein vegg for å få båten ut) og arbeidet har såvidt byrja. No er me litt spente på å sjå om dei som etterlyste eit motorprosjekt, kjem ilande til oss. Nye aktive er alltid velkomne, men ekstra mykje når me har satsa litt på dei. Kan hende me køyrer i veg med namnekonkurranse for å skapa litt ekstra blest om prosjektet.

Midt i mørkaste januar, inviterte laget til taukurs over 4 kveldar. Kurset var opent for alle og kosta deltakarane knapt meir enn materialene som gjekk med - men det gjekk med ein del meter, so det vart ikkje gratis heller! I tillegg til oppfrisking i knutar og knop som alle bør kunne, blei det produsert sjømannskunst på løpande band, apenevar, mattar, båtfendrar, brikkar, langspleis og tyrkarsurringar for å nemne det som var mest pop. Ei god blanding av sjøulkar og skårungar fann tonen raskt og det blei fire gjevande kveldar med nye og gamle vener.

Elles har laget planar om å gjenoppta tradisjonen med *Møllodag* - ein slags open aktivitetsdag på lagshuset *Møllo* i Vinnesvågen.

Den 4.juni vert det segling, bading, padling, grilling, knyting og lappesteiking. Laget er og invitert til å delta på sommarkonserten på Kobbeneset, noko me satsar på å få til.

Heilt avslutningsvis, må det nemnast at ein institusjon i Austevoll kyst- og sogelag har takka av. Svein Midtøy har levert lagsleiinga vidare. Han vert med oss vidare som høvedsmann på Notmann og er elles like aktiv som tidlegare - men no vert det slutt på papirarbeid for denne karen. Me er takknemlege for innsatsen hans gjennom uhorveleg mange år og umåteleg glade for at han vert med vidare som pådrivande medlem i laget.



For Austevoll kyst- og sogelag

Thomas Johnson, leiar

# Den store roen



Hordaland Fylkeskystlag vil gjerne lodda stemninga for eit arrangementskonsept som me har kalla «Den store roen». Kort fortalt så er det ein familievenleg rotur med tradisjonelle båtar.

Me ser for oss at arrangementet finn stad ei helg, fredagen er typisk tilbringardag der folk kjem med båt på slep eller på tilhengar til startstaden. Kanskje samlast dei som er komne fram kring eit bål, i eit forsamlingshus eller på ei skute i løpet av fredagskvelden. Før dei kjem har gjerne deltakarane meldt seg på via ei nettside og betalt ei deltakaravgift. På nettsida finst det deltakarliste, program og info om praktiske ting.

Laurdag morgon/føremiddag kjem dei siste deltakarane til startstaden. På startstaden bør det vera ein slipp eller ei strand der ein nokolunde effektivt kan sjøsetja båtar frå tilhengar uansett om det er flo eller fjære. Mellom ankomst og avgang er deltakarane innom ein registreringspost og får utlevert eit program med kart og ein online kommunikasjonskanal, til dømes «Den store roen-2017»-eit arrangement på Facebook. Eit anna stikkord for startstaden er parkeringsplass til bil og tilhengar eller liggjeplass for slepebåtar. Like før avgang er det gjerne ein person som seier velkomen, seier noko om opplegget og ynskjer roarane god tur. Kanskje eit song eller musikkinnslag kan høyrast frå land medan roarane tek dei fyrste åretaka.

Sjølve løypa bør gå i eit farvatn med stadige nye naturlege element, til dømes sund, holmar eller bruer. Det er kjekt å ro når det skjer noko, det vil seia at roarane ofte ser nye naturlege mål på vegen. Tempoet skal vera roleg, folk må gjerne prata, bada eller fiska undervegs. Den store roen skal vera barne- og familievenleg, ha rom for den gode samtalen og dei store naturopplevingane både på land og sjø. Arrangøren bør stilla med nokre følgebåtar som kan ta roarane på slep om vind eller straum er i mot. Minst ein av følgjebåtane bør ha do ombord.





Eit mogleg tidsskjema for laurdagen: avgang ca. klokka 10-11. Halvannan til to timars roing fram til fyrste stoggestad der det vert lunsj. Maten kan gjerne vera førebudd av arrangøren (og inkludert i deltakaravgifta). Etter måltidet kan det godt vera omvisning/ forteljing om staden eller kulturelle innslag på land. Kring klokka 14 ror ein vidare  på neste etappe. Den etappen kan ha eit eller fleire oppsamlingsstogg der ein til dømes fortel litt om farvatnet eller stader på land før ein ror vidare.



I 17-18-tida er ein framme på ein stad med god hamn, for her skal ein overnatta. Overnatting kan godt skje med telt, i samfunnshus eller andre typar bygg som høver til formålet. Kan hende finst det butikk på staden eller arrangøren har førebudd eit godt gilde med (sjø)mat og drikke, bål, forsamlingshus eller anna høveleg for å samla folket. Kanhenda kan nokon av roarane fortelja litt historier eller underhalda på anna vis med til dømes song eller musikk. Arrangøren har sjølvsagt tenkt på at når laurdagskvelden ebbar ut er det somme som vil sovna tidleg på skjerma vis, medan natteranglane lyt få uroa or seg før dei óg fell til ro.

Sundag er det oppstart til dømes klokka 1000. Fyrste etappen går etter liknande mønster som laurdagen. Halvannan til to timar før det er lunsjstogg med omvisning. Etter lunsj ror ein i ein eller to etappar attende til utgongspunktet, altså staden der roturen starta laurdag morgon. Her bør ein vera i 14-15-tida slik at tilreisande folk kan få båtane opp på tilhengarane og vera klare til heimreis om lag klokka 1600. Før dei dreg er det gjerne matservering og kanskje ei markering av dei som har delteke.

Hordaland Fylkeskystlag ser for seg å ha ei rolle som støttespelar og samarbeidspartnar for lokale kystlag som arrangerer «Den store roen». Kanskje kan me hjelpa til med marknadsføring? Me ser for oss at dette vert eit arrangement som går på omgang mellom til dømes 3-4-5 stader i Hordaland slik at me alle kan få ro på nye stader i fylket. Me trur at rundgangsmodellen har noko for seg. Då vil kvar slik rotur kjennast ny, spanande og forlokkande. For arrangørane unngår ein slitasjeproblematikken med at dei same eldsjelene skal gjera store løft kvart år. Kanskje kan Hordaland Fylkeskystlag tildela arrangementet og bistå med rådgjeving og vitja arrangøren på eit styremøte på vinter/vårparten? Me trur at høveleg lengde på turen er ca. 16-22 nautiske mil, dvs snittfart på 2 knop = ca. 8-11 timars roing i løpet av helga. Løypa kan godt vera rundt ei øy eller ein fjord. Her er me overtydde om at de i dei lokale kystlaga har best kunnskap om farvatn og lokale samarbeidspartnarar som ein treng for å få til eit slikt arrangement.

Snakkast me på fjorden under den store roen?

Helsing
Styret i Hordaland Fylkeskystlag

**Foto: Karen-Maria Andersson og Kjell Magnus Økland**



**Frå Radøy rundt i robåt 2015. Foto: Øyvind Bernes**

# Vårens aktiviteter i Keipane Kystlag

Vi i Keipane kystlag kan i år by på tre arrangement i løpet av mai og juni: Streif, Radøy på langs i kajakk og kano og Radøy på langs i robåt.

**Streif** er en flott familiedag 1. mai der vi ønsker å formidle kystkultur ved Slippen på Sæbøvågen. Her er vi så heldige å få samarbeide med Bergen kystlag som stiller med jekta *Den Gode Hensikt*. Så blir det en riktig sjørøvertur rundt Sæbøholmene med ekte små og store pirater om bord. Inne på Slippen kommer Kjell Magnus Økland og holder et foredrag om Oselveren. Utenfor kan besøkende få prøve seg i robåter, seiljoller, kajakker og kanoer. Kanskje noen vil ta Ro-knappen? Ellers holder vi også torgdag med salg av hjemmelagde produkter. Streif: betyr vandring i kulturlandskap, så vi arrangerer to turar i nærområdet med omvisning.

**Radøy på langs i kajakk og kano** skjer lørdag 13. mai. Dette er tredje gang vi arrangerer denne turen. Vi starter turen fra Hadlands-vatnet. Dette fordi Ulvatnet er drikkevann og vi har ikke løyve til å padle der.  Mellom de ulike vatna på ruta, padler vi i små kanaler. Gjennom beiteområder der vi beskues av sauer og ungbeist som nysgjerrige kommer ned til sivkanten for å ta oss og farkostene i øyesyn. Vi padler også under krokete trær og broer. Ja, kanskje får omgivelsene deg til å undre på om vi er i Norge, eller er vi Amazonas jungel? Det er også noen partier der vi må ut av farkostene og vasse litt. Det er derfor lurt å ha med godt skotøy. Jeg anbefaler gode joggesko til dette. Det kan være glatte steiner og ulendt på bunnen. Ha heller med ekstra sko- og klesskift. Turen ender i Bøvågen. Tidligere har vi drevet massiv dugnad på denne løypa. Det har vært mye rotvelta trær som har gjort det vanskelig å komme fram. Nå er løypa bra, det eneste er lav vannstand ved lengre tørke.

Pinse helgen 3-5 juni blir det **Radøy på langs i robåt**. Vi har også invitert kajakker med oss. Vi ser at kajakker er en god inngangsport til å få de unge interessert i kystkultur, friluftsliv og miljøvern. Turen har vi lagt opp med to overnattinger som blir i medbrakt telt. Kystlaget ønsker at turen skal bli en opplevelse for alle. Vi har fokus på kulturminne langs ruten. Gode stopp og omvisning og hjemmelaget mat. Vi har også lagt opp turen som kurs, friluftsliv i praksis og lærer langs leden. Dette vil bli årets vakreste eventyr. Vi har også blitt tildelt den ære å ha med oss en filmjournalist. Forbundet kysten vil lage en liten film om kystlag og medlemmer i aktiviteter.

I forkant holder vi åpen slipp med båtvølekurs og strikke– og tovekafe med vafler og kaffi i Sæbøvågen stort sett hver søndag fra 17.00-20.00 frem til Radøy rundt. Alle er hjertelig velkommen. Om noe av dette skulle være interessant ta gjerne en telefon til Evy på 974 23 267.

Hilsen
Evy Bjørvik Dame, Keipane Kystlag

# Nytt frå Nordfjord

Våren kjem like fort på kvart år, og slik vert det sikkert i år også. Her i midtre Nordfjord har båtpussen allereie starta, og første båten er sjøsett etter å ha vore på slippen i påska. Snøkavene sleppe så vidt sola til, det er for tidlig å tjærebre før mai du søte milde slepp til. Bjørnson må gjerne velge seg april, kystlaget satse mest på at sola ikkje snur før Jonsok i år heller.

Som eit kystlag i fjorden, enno i sin tidlige ungdom aldersmessig sidan starten, driv vi mykje med å finne ut kva vi skal bli når vi vert vaksne. Vi leike oss derfor litt truskuldige her i fjordarmen, og har funne ut at vi leike oss best innan tre ulike felt enn så lenge.

Det eine feltet er naustbygging, og etter fjorårets innsats, står det no ei klargjort tomt og ein ferdig grunnmur som det skal setjast opp eit grindverksnaust på. Naustet vert 12x6 meter med eit ekte sutak som endeleg taktekking. All material er teken ut frå privat skog blant medlemane, skoren på dugnad, maskinarbeid, saging, og anna, er på dugnad det også. Vi har òg kjørt kurs på nivå 1 gjennom studieforbundet, det har skaffa eit lite tilskot, og vi går no for nivå 2. Om vi får opp det heile i år veit vi ikkje enno.

Laget har eit lite mål om å samle eitt eksemplar av kvar båtstørrelse som har vore bygd av den typiske nordfjordbåten, og naustet kan blant anna nyttast til ei utstilling av desse.



**Lars B. Osland seglar sin nybygde Nordfjordfæring på Lodshavet.**

Det er også kjekt å være på fjorden, så ei gruppe tek seg av å bruke lagsbåten. Ein gammal og godt helden åttring med rásegl. I fjor sommar hadde vi kurs i råsegling med Lars Bjarte Osland, og for dei som fekk dette med seg var det både moro og lærerikt. Vi hadde gjerne sett at fleire kunne vore med, og no til sommaren er det meininga å gjere meir ut av det. Og laget har eit seminar på gong her, meir om det litt lengre ned i teksten.

Vi hadde i fjor fleire båtar som vart stelt i stand, færingar, og desse vart lagt ut på bøye, med lensepumpe og batteri. Medlemane i laget, og andre, kunne då velge mellom ein vanlig robåt, ein båt med påhengar, og ein færing med brønn, som både kunne roast og drivast med påhengar i brønnen. I år satse vi på å få til ei flytekai slik at båtane vert enno meir tilgjengelige for fleire.

Det tredje som er kjekt er å hauste frå fjorden, og vi hadde sist oktober vårt første linesèt for å finne gode fiskeplassar. Lite matauk på den turen, men vi har allereie fått ein god del mèd å bruke i år. Og rikeleg agn i frysaren. Ein skal ikkje grille fisken før bjønnen er skoten, men vi har så smått begynt å planlegge ei samling med eigenfanga fisk og tillaging av fiskemat. Fiskekonkurranse vert det også i løpet av sommaren.

Med ein større trebåt egna for lengre turar, skal vi prøve å få til å være med på Landsstemnet i Kristiansund. Det er så nærme at det er realistisk, kanskje med medlemstur innom Hjørundfjorden på vei heim.

**Seminar om Nordfjordbåten**

Det som vi er heilt sikre på skal skje, er at kystlaget saman med Nordfjord Folkemuseum helga 14.-15. oktober vil arrangere eit seminar på Sandane. Lørdagen vert ein dag på land med ulike innslag og filmvising. Festmiddag om kvelden. Søndagen ska vi være på fjorden med segling og roing. Eit fullstendig program vert utlyst seinare, samt at vi sender ut ein del invitasjonar. Har du eller de lyst å komme, ta gjerne kontakt med laget, og vi skal legge til rette for eit besøk. Ta gjerne med eigen Nordfjordbåt i den størrelsen de har.

Helsing
Svein Ove Ask, Nordfjordbåtlaget

# Reparasjon/ restaurering av gavlabåt



I førre nr. av Årebladet var det eit innlegg om at Tysnes Kystlag vinteren 2016-17 skulle ha kurs i reperasjon av laget sin gavlabåt frå 1938. Arbeidet har gått føre seg i verkstaden på Sletteskogsjøen og er no omtrent ferdigstilt.

Det er skifta tre nye bord akter på babord side, samt ny stilk og speil også litt av skandekket på styrbord side forut er  fornya samt to stk fortøyningspullerter akter. Motoren (Marna 16/18 hk) er også reingjort og malt i fin ny grøn farge. Smøring av nytt treverk blir utført når temperaturen forhåpentlegvis snart går noko opp.

Vidare skal kystlaget i gang med å bygga ny slipp og nytt naust bak sjøbua på Årbakka, slik at gavlabåten kan bli godt tatt vare på vinters tid framover. Slipp og naust er godkjent av offentlig etat. Naustet blir av typen grindabygg. Ellers blir det vedlikehold av laget sine gamle motorar  i smio på Årbakka.

Helsing

Arne Høgestøl, Tysnes Kystlag



**Arne Høgestøl på land og Oddvar Meland om bord i gavlabåten som heng i skrevet. Foto: Rebekka Høgestøl.**



**Akterspeilet er teke av og propellakslingen er komen ut. Oddvar Meland ser nøgd ut. Foto: Rebekka Høgestøl.**

# Hordakyststevnet på Onarheim



Tysnes Kystlag ynskjer alle velkomne til fylkestreff på Onarheim på Tysnes. Stevnet går føre seg fredag 23. juni til sundag 25. juni.



**Førebels program**

Fredag

- Stevnedeltakarane ankommer Onarheim
- Felles bålbrenning og Jonsokfeiring om kvelden

Laurdag

- Guida vitjing av mellom anna Kulturkyrkja Onarheim og Seløystova
- Kappsegling på Onarheimsfjorden
- Salgsutstillingar
- Motorutstilling
- Produksjon av årar
- Festmiddag på kvelden

Sundag

- Sjølvsagt sosialt samver heile helga

Helsing
Tysnes Kystlag

**Begge foto er frå opninga av Kystsogevekene 2015. Foto: Kutschera/Kystsogevekene.**



**Johannes Kretschmer reiser gjerne rundt og studerer båtar, og fotograferer dei for å henta inspirasjon til arbeidet heime i atelieret på Onarheim. Her er det Storsætbåten frå Osterfjorden i Båthallen på Hordamuseet som har gitt inspirasjonen.**

# *Kunstnaren Johannes Kretschmer*

*Tysk målar med godt auge for norske båtformer.*

**Under fylkeskysttreffet på Onarheim vert det utstilling med eit rikt utval av klinkbygde norske tradisjonsbåtar. Utstillinga vert i Alsaker Fjordbruk sine lokaler.**

**Foto: Ingrid Storetvedt.**



Johannes er fødd i Seebad Ahlbek i Tyskland i 1951. Hans fyrste interesse for kunst vart vekt i skuletida gjennom ei teiknegruppe. Frå han var 18 år drog han til sjøs og vart matros og skipsmekaniker. Slik arbeidde han som sjømann i fiskeri– og handelsflåten fram til år 2000. I denne perioden vart dei fyrste bileta med maritime motiv malt. Kunstnaren er i stor grad sjølvlært gjennom sjølvstudium og intensivt engasjement på eiga hand. På vegen har det likevel kome kunstfagleg oppmuntring frå kunstnarar og kunstvitarar som mellom anna Adam Kurtz, Kurt Heinz Sieger, professor Manfred Prinz og Harald Nadler.

Frå og med år 2000 vart frå Johannes sjølvstendig næringsdrivande og innehavar av galleriet og atelieret *Kunst im Hinterhaus*. Han vart òg medlem i Pommerschen Künstlerbund. I alt har han hatt om lag 20 ulike utstillingar i ei rekkje store byar i Tyskland, Sveits og Norge.



**Johannes i atelieret sitt på Onarheim. Foto: Harald Nadler.**

**– Dei norske tradisjonsbåtane har spanande former, tykkjer Johannes som har stor kjærleik til det maritime landskapet og båtbyggekunsten på Vestlandet.**



Frå 2007 buset Johannes seg på Onarheim på Tysnes. Her arbeidar han på Alsaker Fjordbruk og nyttar mykje av fritida si til å måla. Våren 2009 har han ei utstilling i Galleri Vedholmen. I 2009 og 2010 har han utstilling på Årbakka Handelsstad på Tysnes.

Dei seinare åra har han halde ein lågare profil, men vore desto meir produktiv i atelieret. No er mykje av golvplassen i atelieret fylt opp med bilete som viser ulike sider av den norske kystkulren og særleg ofte er båten hovudmotivet. I bileta til Johannes er det gjerne andre fargenyansar enn når desse båtane pløyer bølgjene på fjorden.

– Eg ynskjer ikkje å måla det eg ser, men det eg kjenner, seier Johannes Kretschmer. Under fylkestreffet i juni kan du sjå med eigne auge kva han har følt og malt.

Tekst: Kjell Magnus Økland





# D/S Stavenes

*Endelig for egen dampmaskin.*

Underteikna er beden om å skriva nokre ord om D/S «Stavenes». Veteranskibslaget Stavenes har engasjerte medlemmer, som samtidig er medlemmer av kystlag både i Hordaland og Sogn og Fjordane.

**Historikk:** D/S «Stavenes» vart levert frå Bergen Mek. Værksted i 1904 som lokalruteskip til dåverande Nordre Bergenhus Amts Dampskibe, frå 1919 med navneskifte til Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane. Dei første rutene gjekk i Florøområdet, men sidan gjekk «Stavenes» i dei fleste av rutene til FSF. I 1934 vart «Stavenes» ombygd til å bli det første bilførande fartøy på Sognefjorden. Den kunne til å begynna med ta 6-8 bilar kjørt inn på tvers. Etter ei mindre tilpassing i 1939 vart det plass til 8 -10 biler. Dette var før HMS vart eit begrep, og eit av stoppa i ruta var Midtfjords utanfor Beitelen, der bilar kjørte på trelemmer frå «Stavenes» over på korresponderande båt i ruta Gudvangen – Kaupanger. «Stavenes» gjekk også mykje i turistfart på Nærøyfjorden, noko som har ført til at Riksantikvaren har løyvd UNESCO –midlar til restaurering av D/S «Stavenes», med grunngjevinga: **«Av særleg interesse for Riksantikvaren er det at «Stavenes» også hadde rute i Nærøyfjorden som er eit av Noregs bidrag på UNESCO si verdsarvliste. Skipet representerer difor eit viktig historisk element og ein ressurs for formidlinga i dette området.»**



Vinteren 1953 -54 vart skipet «Stavenes» bygd om frå damp til motordrift ved Frydenbø i Bergen, salongen i akterskipet bygd ut i borde og den høge dampskorsteinen erstatta med ein lavere motorskorstein. I samband med innspeling av filmen «Song of Norway»i 1969 vart det sett på dampskorstein igjen for å tidsmessig passa betre inn i filmen. I 1972 gjekk «Stavenes» sine siste ruter for FSF, og året etter vart den seld til England, der den hadde fleire eigarar og havna til slutt i Liverpool.

**Restaureringa.** I 1991 vart båten henta heim til Norge av det nystifta Veteranskibslaget Stavenes med tanke på restaurering tilbake til dampskip. Båten var i sørgjeleg forfatning og det var eit



**Frå maskinrommet 11. mars 2017. Foto: Kjell Magnus Økland.**




*Stavenes* **i Flåm like etter krigen.**

Båten var i sørgjeleg forfatning og det var eit stort arbeid å ta fatt i. Etter kvart stoppa arbeidet opp grunna manglande lokal interesse og mangel på midlar. I 2005 kom vendepunktet. Båten vart slept til Nordsteam i Bergen og fleire meldte si interesse. Etter Nordsteam vart «Stavenes» slept til Dåfjorden  Slipp. Lite skjedde før laget vart reorganisert i desember 2007, og folk i det bergenske veteranskipsmiljøet engasjerte seg. Kort fortalt har det sidan 2008 blitt investert ca 22 millionar i restaurering av D/S «Stavenes». Flesteparten av desse kjem frå Riksantikvaren. I tillegg er det utført tusenvis av dugnadstimar. I 2015 vart båten flytta frå Dåfjorden Slipp til Bergen, og sidan seinhaustes 2015 har arbeidet vorte utført først ved Noryards BMV Laksevåg, og sidan juni 2016 Bergen Group Skjøndal Slipp på Damsgård, berre eit steinkast frå der Frydenbø bygde om båten fra damp til motor i 1953-54.  15. desember vartd et første av to store mål nådd; då gjekk båten teknisk prøvetur på Byfjorden, for første gong for eiga dampmaskin på 63 år. Alt gjekk svært bra, og alt fungerte vel.

Neste mål er ferdig restaurert passasjerdampskip med plass til 100 passasjerar. Med 68 år i rute for FSF, og som Norskekystens eldste bevarte kolfyrte passasjerdampskip, blir «Stavenes» i ein særklasse. Veteranskibslaget Stavenes tek med glede i mot alle interesserte som medlemmer, dugnadsfolk eller framtidige mannskaper. Sjå elles nettsida www.ds-stavenes.no

Øyvin Konglevoll

Leiar Veteranskibslaget Stavenes




**Ved Skjøndals Slipp, 11. mars 2017.**
**Foto: Kjell Magnus Økland.**

# D/B Dampen



Bergen Kystlags egen dampbåt, D/B *Dampen* ved Elsero 20. april 2017. Foto: Liv Bjerknes.

Kan hende er Bergen Kystlag landets eneste kystlag som eier en dampbåt. Da hedersmannen Kåre Taule, mangeårig medlem av Bergen Kystlag og Veteranskipslaget Fjordabåten gikk bort i april 2015, var det hans ønske at Bergen Kystlag skulle overta «Dampen».

Kåre Taule er kanskje mest kjent for sin innsats med restaurering og tilbakeføring av M/S «Stord» til D/S «Stord 1», i to lange omganger, først fra 1981 til 1987, og på ny frisk etter den ødeleggende brannen 14 dager etter den andre jomfruturen 1987. Blant de største dagene i Kåre Taules liv er utvilsom jomfruturen i mai 1987, åpningsparaden med «Stord 1» inn på Nordsteam i 2005 og tildeling av kongens fortjenestemedalje i sølv for sin innsats ikke bare med hovedansvar for restaurering av D/S «Stord 1», men også for viktig bidrag til restaurering av D/S «Oster» og D/S «Stavenes».

Men i tillegg til alt annet fikk Kåre også tid til å bygge opp sin egen dampbåt. Dampen ble bygget opp i ledige stunder på Mjellem & Karlsen Verft, der Kåre hadde sitt virke. Av en kollega fikk han overta en forlenget ståldorry på 36 fot, som var planlagt brukt til taretråling, noe som ikke ble noe av.

Kåre hadde fra før kommet over en Strickland dampmaskin fra 1902, som i sin tid hadde stått i en dampsjalupp tilhørende marinen. I tillegg hadde han fått tak i en dampkjele fra 1931, som har en fortid både fra en liten slepebåt og malingsfrabikk på Florvåg. På kyndig vis, og med hjelp av maskinelever fra Askøy Videregående skole, som et par dager i uken var i arbeidstrening på Mjellem & Karlsen, fikk han overhalt maskin og kjel og satt dette inn i dorryen, som også fikk på overbygg, inkludert en liten lugar under dekk forut. Rundt 1994 var båten klar til bruk.

Sammen med et par andre små engelske dampbåter gjorde «Dampen» stor lykke under Nordsteam i år 2000. Lørdagen under Nordsteam kom hurtigruteskipet M/S «Harald Jarl» inn på Vågen og la til ved Bradbenken. Kaptein Klodiussen la merke til den sjarmerende dampbåten som dampet rundt på Vågen og hilste muntert i sin dampfløyte. Ved avgang med «Harald Jarl» noen uker etter Nordsteam la Clodiussen merke til «Dampen» som var ute på Byfjorden en fin kveldsstund. Han la om kursen tvers over Byfjorden fullsatt med passasjerer, og fløytehilste ærbødig på Kåre og «Dampen», som hilste muntert tilbake.

Det forplikter Bergen Kystlag å ha overtatt «Dampen» fra Kåre Taule. Båten er blitt litt forsømt da Kystlaget har hatt svært mye å stå i med. Men noe er da gjort. Odd Magne Stikholmen, god venn av Kåre Taule, og sentral som maskinsjef på D/S «Stord 1» og «Stavenes» har fått overhalt og godkjent kjelen av kjelekontrollen. Alt det tekniske fungerer. Båten er malt om fra grønn til sort, og det er i gang utskifting av vinduer til mer tiltalende teakrammer. Plater i taket må også skiftes, i tillegg til presenningen akterut. Grunnet størrelse på maskin, kjele og båt må man ikke være utdannet maskinist for å fyre opp å gå med båten. Odd Magne Stikholmen har påtatt seg å lære opp nye kjele og maskinpassere, og kan godkjenne. Det satses på å få til denne opplæringen i løpet av eller i etterkant av kommende sommer. Både medlemmer av Bergen Kystlag og andre som er interessert i å ta vare på og bli opplært i bruk av båt og dampmaskinsanlegg, ta kontakt med Odd Magne på epostadressen omstikholmen@gmail.com.

Tekst: Øyvin Konglevoll

# Jektetokt til Lands-stevnet i Kristiansund



*Vil du være med på tokt med «Den Gode Hensigt» til eller fra Forbundet Kysten sitt land-stevne i Kristiansund i juli?*

Kystlagsmedlemmer i HFKL inviteres som medseilere på sommerens tokt som først går til Kystens Landsstevne i Kristiansund 20 – 23. juli, og deretter til jubileumshelg i Arnafjord i Sogn, der Morten Neset inviterer til 100 års jubileum for M/K «Arnefjord».

**Første etappe**

Avreise fra Elsero fredag 14. juli kl. 10:00. Medseilere som ikke når avreisen kan ta Norleds expressbåt som går til Selje hver dag fra Bergen kl. 08:00 og 16:30, og nå oss igjen på avtalte steder. Kan hende får vi selskap av Holmedalsjekta når vi kommer nord for Sognefjorden. Planlagt ankomst til Landstevnets åpning torsdag 20. juli.

Høvedsmann på første etappe:

Øyvin Konglevoll

konglev@online.no 95113223

**Andre etappe**

Fra Kristiansund søndag 23. juli etter stevneavslutning og til Arnafjord med planlagt ankomst fredag 28. juli. Jubileumsfeiring fram til søndag for M/K «Arnefjord» og M/K «Arnafjord».

Som alltid: Høy trivselsfaktor forventes i Arnafjord. Høvedsmann på andre etappe:

Per Otto Svendsby
perosve@online.no 92220895

**Tredje etappe**

Fra Arnafjord søndag 30. juli med kurs ut Sognefjorden til Gulen, og videre mot Bergen. Vær og vind bestemmer hvor det blir strandhogg og hvilken led som følges. Ankomst i Bergen forventes mot slutten av uke 31.

Høvedsmann på tredje etappe: Dag Rune Økland

dagokland@gmail.com 92203101.

**PÅMELDING**

Meld fra til høvedsmannen på den etappen du ønsker å delta. «Først til møllen…….» Seilerfaring og dugnadsinnsats vil telle med om det skulle bli overbooking.

Hilsen

Øyvin, Per Otto og Dag Rune



Hans J. Botheim nyt rorvakta.
Foto: Kjell Magnus Økland.

# Bunads-klubben til Kvinnherad Kystlag



Frå venstre: Merete Eide, Sigrun Saghaug, Helen Røssland og Kirsten Hals i djup konsentrasjon om nål og tråd. Foto: Bjørg Eliassen.

Bunadsklubben starta som eit kurs for vel 10 år sidan. Det er store krav til lærar på kurs i bunad, så me greidde ikkje lenger å få ei som sa JA til den jobben. Dermed blei det ein Studiering i regi av Studiforbundet Kultur og tradisjon, og på folkemunne blei det Bunadsklubben. Men me har hatt dugande deltakarar som har drive å sydd bunader i åravis. Desse har raust delt kunnskapane sine med oss andre. Nokon har kome og gått, men Sigrun Saghaug (ved vinduet til venstre) har vore med oss i alle år, mest kvar kveld. Alltid er det nokon som spør etter hennar kunnskap,- og ho stiller alltid opp og hjelper. Ho er ei som kan alt.

# Samarbeid: Valestiftinga-Postveien-Kvinnherad Kystlag



Magnus (8) år lærde om gongspelet, og var i undring over kor bra det drog.

Skjærtorsdag hadde vi ein hyggeleg dag ved båthamna på Valen. Her har Kvinnherad kystlag naust til gavlabåten Fjordmann. I tillegg har laget ein færing og ei jolle her. På folkemunne er dette blitt Fjordmannsnaustet. Denne dagen var det "ope naust".

Den Stavangerske postvegen frå Herøysundet til Ølfarnes er restaurert og er eit populært turval for lokalfolket i kommunen. Ein av initiativtakarane til opprustninga av denne, Ove Tvedt frå Valen sa seg villig til å ta med ei turgruppe frå Helland, Dei fylgde vegen frå Helland til Valen båthamn og Fjordmannsnaustet. Undervegs fortalde Tvedt historiar både om den gamle postvegen og det nye arbeidet som er gjort. Valestiftinga opna bua på den gamle dampskipskaien. Færingen deira vart sjøsett saman med kystlaget sin, og begge var tilgjengelege og blei nytta då foreldra tok med borna og rodde ein tur. Gongspelet blei demostrert. Frammøtte fekk kjøpa kaffi, saft og lappar ved naustet.

Kvinnherad kystlag ville visa fram naustet og båtane og dela gleda av sjøen med fleire. Det var ein jevn sig av folk,- ikkje mange, men mange nok til at det blei ei trivelеg stund og gode erfaringar med lagssamarbeid å ta med ved eit seinare høve.

Tekst: Gunn Jorunn Steinsland

***Torgdagen ynskjer bymann og stril velkomne til Torget!***

# Torgdagen i Bergen



**1977-2017!**

## By og Land Hand i Hand

## Laurdag 10. juni 2017

**Program på scena 1100-1600**

- Opning ved ordførar i Bergen, Marte Mjøs Persen
- Torgsangen
- Algrøy Koret
- Ungdomsinnslag Tomine Hjelvik Berge
- Innslag frå Austevoll
- Knarvik Gammaldans lag / Sund Torader klubb
- Shanty koret Cape Horn
- Pause
- Ungdomslaget Ervingen: danseopvisning barn/unge
- Chiksa
- Askøybelgen
- Fred Ove Reksten m/band
- Gards Bruk
- Premiering best restaurerte båt / finaste klede
- Bergen Shantykor
- Avslutning ved styreleiar

**13.00 Roregatta på Vågen**
Alle kystlag er hermed utfordra til å stilla med ein færing og to roarar!

Sjå oppdatert informasjon med båtruter, påmelding av bodar og båtar, tildeling av bodplass og kai-plass og nøyaktig program på

www.torgdagenibergen.com

Foto: Rolf Henriksen



# Fjell Kystlag i arbeid

Langøy markedet siste helgen i august er det nærmeste vi kan kalle en sesongavslutning for Fjell Kystlag. Da er det tid for å selge produksjon av lefser, flatt brød og lubbesild/nubbesild (her blir vi aldri enig), presentere et utvalg av tradisjonsbåtene våre og vise hva vi har brukt dugnaden på i løpet av vinteren og ikke minst prate kystkultur. Sist år, august-16, hadde vi rekord med salgsboder og fornøyde utstillere, 31 i tallet, rekord omsetning, flott vær og masse hyggelige, blide besøkende, lensmannen var på inspeksjon og han var fornøyd med hvordan vi taklet parkering og trafikk. Toppen var at ordfører Marianne kom for å åpne markedet. Det var på alle måter en kjempefin helg. Og over en tredjedel av medlemmene i laget var på dugnad i løpet av helgen.

Så var det å få båter og utstyr tilbake til Ågotnes som er hovedbasen vår, med landsetting og planlegging av vedlikehold og fornying av båtparken. Vi har 26 båter men greier ikke å klargjøre mer enn 9-10 av samlingen hvert år, vi prøver å rullere litt, slik at de som ikke har vært sjøsatt på noen år, blir vedlikeholdt og kommer på sjøen med jevne mellomrom. Sesongen/sommeren 2016 hadde vi *Sotrabuen* (motorkutter), *Norden* (seil gavel), *Reidaren* (seil/motor gavel), *Kari* (seil gavel), *Osvalden* (loddebåt), *Sørlendingen* (sørlandsnekke), *Gråsia* (loddebåt), *6-eringen* (gaffel rigget 6 roing) og *Postbåten* (færing med seks kjeipar, bygd til bruk

***Norden* på veg til Torgdagen. Hjelteskjæret er runda om babord og kursen er sett mot Askøybrua.**






**Kystkultur, folkeliv og marknad på Langøy under Kystsogevekene i august.**

som postbåt). Det var stas å få gavelbåtene på sjøen og under seil igjen, etter flere år med restaurering kunne vi nå seile Hjeltefjorden og inn til Torgdagen. Torgdagen er jo selve drivkraften i Fjell Kystlag for å få båtene klar til sjøsetting hvert år.

På dugnadsmøtet i begynnelsen av september ble vi enig om å saume opp igjen *Kari*, skifte motor og fundament i *Gråsia*, skifte motor og fundament i *Sørlendingen*, skifte stilk og sette en 10hk Sabb i loddebåten *Øystein*, skifte kjøljern og rorbeslag på *Norden*, gjøre det vi kan for å bli ferdig med restaureringen av dorryen *Ole P.* Videre så var det nødvendig å olje, male og bunn smøre båtene som skal på sjø i 2017. Så dere forstår så har kunnskapsbanken med store og små kontoer hatt en travel vinter sesong på Ågotnes.

Når det nå nærmer seg sjøsetting ser vi at det ikke er mulig å få Sørlendingen klar til sesongen, men ellers så har vi på planen at foruten *Sotrabuen* så skal *Ole P.*, *Norden*, *Reidaren*, *Osvalden*, *Gråsia*, *Øystein*, *6-eringen*, *Postbåten*, *Kari* og muligens *5-aren* på



**Vidar Tveranger lagar nytt motorfundament i *Reidaren*.**







**Øvst: Gudmund Vindenes dreiar nye trenaglar til *Norden*.**

**Midten: Leif Magne Lokøy og Svein Arne Storesund utfører service på motoren i loddebåten *Osvald*, ein to-sylindra Sabb på 22 HK.**

**Nedst: Kurs i flatbrød og lefsebaking på Tranevågen skule på Ågotnes.**

sjø. *5-aren* er en færing som har vært brukt som basbåt på Vindenes.

Videre så har dame-gruppen vært aktive med å bake tynn lefse, tykk lefse og avholdt kurs i å bake flatbrød. Så folk kan bare glede seg til å kjøpe bakverk i fra Fjell Kystlag på Torgdagen og Langøy markedet, for ikke å snakke om lubbe/ nubbe sild, fisket og hengt til tørk av lagets medlemmer.

Det skal bli fint å få *Ole P.* på sjøen igjen, den har stått på land i over en sesong mens det er blitt skiftet bord og dekk på babord side, det er liksom noe som mangler når vi ikke har *Ole P.* med inn til Torgdagen. Men i år er det på'an igjen, inn til byn og Torgdagen. Det blir spennende å se hva vi kan få ut av torgboden på kaien, vi har jo i flere år solgt kun i fra *Sotrabuen* med de begrensningene det gir. Arbeidsutvalget som jobber mot Torgdagen er i full gang med planleggingen av hva som må til angående telt, bord, bemanning, strøm, vareutvalg, priser og betalingsterminal. Ja vi gleder oss alle til Torgdagen.

**Øvst: Gavlabåtane *Reidaren, Kari* og *Norden* ved Giertsen-naustet på Ågotnes.**

**Midten: Vidar Tveranger tilpassar stilken på loddebåten *Øystein*.**

**Nedst: Nytt akterspeil, nye bordgangar og nye dokker på *Norden*.**







I Storasondet har det vært aktivitet i hele vinter, med montering av nytt arbeidslys inne og ute, samt strekt kabel og land strøm ut til *Sotrabuen*. Reparert kahytt taket over banjeren, ny dørk i rommet og maling i køyene. Fornyet ekstra lensepumpe og lys i motorrommet. Det skjer noe hele tiden.

Slippen i Storasond har vært i drift hver uke og noen uker en ny båt på slippen hver dag. Det er en imponerende jobb som blir gjort på dugnad på Storasond. Laget og økonomien i laget er helt avhengig av den jobben som blir gjort på slippen der ute.

Videre fremover så skal vi støpe nytt toppdekke på kaien foran Buanaustet, nye kaifronter og kanskje får vi til å støpe nytt dekke på slippen sør om Buanaustet. Men ting tar tid, så vi får se hva vi rekker. Det er jo noen spenstige prosjekter som venter på oss i andre etasje i Giertsen naustene også. Så dugnadsgjengen vil få det travelt, vi har virkelig et spennende år foran oss.

Vel møtt alle sammen på Torgdagen, 10. juni og Langøymarkedet 26. og 27. august. Så ønsker vi at alle får en riktig fin og trivelig sommer på sjøen.

Tekst og foto:

Rolf Henriksen, Fjell Kystlag.

# Oselvardag på Sjøfartsmuseet

*Sundag 19. februar arrangerte Oselvarklubben og Bergens Sjøfartsmuseum Oselvardag på sjøfartsmuseet.*




Spriseglaren *Bambi* og ein færing under oppusing var tilstades. Båtbyggjar Stig Salbu Henneman frå Oselvarverkstaden viste og forklarte korleis folk kunne reparera båtane sine. I tillegg var seglmakar Magne Iversen frå Seilmaker Iversen tilstades og folk kunne studera både regattarigg, landliggarrigg og ein bruksbåtrigg, som vart montert slik at folk fekk innsyn i korleis dette kan gjerast.



Oselvarklubben selte bøker og Kjell Magnus Økland heldt foredrag i auditoriet. Peder Lunde jr. og Finn Totland kom med helsingar til og frå Oselvarklubben.

Det var utarbeidd eit hefte med informasjon om Oselvarboka, Oselvarklubben, terminliste for 2017, kontaktinformasjon og program for sjølve dagen.

Med nærare 200 betalande kan ein trygt slå fast at Oselvardagen vart ein stor suksess. Truleg bør dette gjentakast og gjerast til eit årleg arrangement på vinterstid.

Tekst: Kjell Magnus Økland



**Øvst: Ein regattabåt og ein færing under oppussing vart viste fram på Oselvardagen. Foto: Kjell Magnus Økland.**

**Midten: Stig Salbu Henneman forklarer korleis ein kan fresa ut og lima i bordsprekker. Foto: Vidar Langeland.**

**Nede: Demonstrasjonsrigging og «seglas» i atriumsdammen.**
**Foto: Bård Gram Økland.**

# Aktivitetskalender for vår og haust 2017

**1. mai: Streif-arrangement i Sæbøvågen, Radøy**
https://www.facebook.com/groups/480312130690/
Arr. Keipane Kystlag

**13. mai: Radøy på langs i kajakk og kano**
https://www.facebook.com/groups/480312130690/
Arr. Keipane Kystlag

**Mandagar: Trim-seglas for Oselvar på Milde**
Vår: 22/5, 29/5 , 12/6, 29/6.
Haust: 7/8, 21/8, 28/8, 4/9,11/9
http://www.mildebatlag.org/
Arr. Milde Båtlag

**27. mai Segltreff i Hope**
https://www.facebook.com/groups/2360359176/?fref=ts
Arr. Hope Trebåtlag

**2-4. juni: Radøy Rundt i robåt og kajakk**
https://www.facebook.com/events/1204288466319605/
Arr. Keipane Kystlag

**2-4. juni: Pinseturen til Fanafjorden Tradisjonssegling**
https://www.facebook.com/events/1806063792965361/
Arr. Fanafjorden Tradisjonssegling

**10. juni: Torgdagen i Bergen**
https://torgdagenibergen.com/
Arr. Torgdagen i Bergen

**16-18. juni: Hardanger Trebåtfestival**
http://www.trebaat.no/
Arr. Hardanger Trebåtfestival

**17-18. juni: Sumarregatta på Milde, Fanafjorden**
http://www.mildebatlag.org/
Arr. Milde Båtlag

**23-25. juni: Hordakyststevne på Onarheim, Tysnes**
https://www.facebook.com/groups/317614055028284/?fref=ts
Arr. Tysnes Kystlag

**23-25. juni: Sumarregatta på Tysnes**
www.sigling.no
Arr. Båtlaget Njord/Tysnes

**23-25. juni: Vinnesfestivalen, Fusa**
https://www.facebook.com/vinnesholmen.kystlag/
Arr. Vinnesholmen Kystlag

**20-23. juli: Forbundet Kystens Landstevne, Kristiansund**
http://landsstevne.mellemverftet.no/
Arr. Forbundet Kysten/Mellemværftet m. fl.

**31. juli-4. august: Siglarveko for Oselvar**
www.sigling.no
Arr. Båtlaget Njord/Tysnes

**5-6. august: Sumarregatta i Austevoll**
https://www.facebook.com/Austevoll.Seilforening/
Arr. Austevoll Seilforening

**12-13. august: Oselvar-NM i Austevoll**
https://www.facebook.com/Austevoll.Seilforening/
Arr. Austevoll Seilforening

**20. august: Gøy på landet, Hordamuseet, S**tend
http://www.bymuseet.no/vaare-museer/hordamuseet/aktiviteter/2017/august/20/goey-paa-landet/
Arr. Hordamuseet og Fanafjorden Tradisjonssegling

**19-20. august: Kystsogehelg i Bekkjarvik**
https://www.facebook.com/Bekkjarvik-Gjestehavn-396205683894564/
Arr. Bekkjarvik Gjestehavn

**27. august: Familiedag/fiskekonkurranse på Slippen i Sæbøvågen**
https://www.facebook.com/groups/480312130690/
Arr. Keipane Kystlag

**2-3. september: Oselvarfestival**
https://www.facebook.com/KystsogevekeneiOs
Arr. Os kommune, Oselvarlaget og Oselvarverkstaden

**9-10. september: Sandviksdagane**
https://www.facebook.com/Sandviksdagene-1797851433815407/
Arr. Kystkultursenteret i Sandviken og Norges Fiskeri-museum m. fl.

For oppdatert oversikt over aktivitetane i august og september:

Sjå www.kystsogevekene.no

Kystsoge vekene 2017
12. august til 17. september
www.kystsogevekene.no

B

Usortert

posten

Porto betalt

Kundenr 10245017

Returadresse: Hordaland Fylkeskystlag c/o Kystsogevekene, Postboks 7900, 5020 Bergen

Din leverandør til båten

Faannessen Marine A·S

&

Marine og Industrisalg

Der båtfolket treffes











Munkebryggen/
C.Sundtsgt

Telefon
55 33 66 88

Faannessen - Marine
Følg oss!

# Hordaland Fylkeskystlag lanserer nettsider

*1. mai 2017 lanserer Hordaland Fylkeskystlag nettsider på webadressa www.hfkl.no*

Nettsidene ligg plassert på Kystsogevekene sine nye nettsider og er laga av Kjell Magnus Økland. Nyttar du domenet hfkl.no kjem du direkte inn på Hordaland Fylkeskystlag sine nettsider.

På nettsidene finn du fylgjande informasjon:

- Facebook-gruppa til fylkeskystlaget
- Siste nytt frå fylkeskystlaget
- Info om Årebladet
- Styret
- Kalender med linkar til aktuelle hendingar
- Medlemslag med kontaktinfo til leiarane og kystlaga sine nettstader
- Vedtekter for Fylkeskystlaget

Har du stoff som bør ut på nettsidene?

Send det på epost til kjellmag@gmail.com

# www.hfkl.no